



Elevrådsrepresentant Julian-Elias Gjesdal Nesse

Referansar:

Dykkar:

Vår: 17/2549 - 18/9446

Saksbehandlar:

Morten Olsen Schulstad

morten.olsen.schulstad@lindas.kommune.no

Dato:

20.03.2018

Referat frå møte i samarbeidsutvalet 13.03.18

Desse møtte: Foreldrerepresentant Arne Ramslien, Kommunal representant Leif Hosøy Sleire, Lærarrepresentant Marit Tømmermo, Lærarrepresentant Tone Gunn Solsvik og representant andre tilsette Sissel Nordland.

Desse møtte ikkje: Elevrådsrepresentant Julian-Elias Gjesdal Nesse, Elevrådrepresentant Tobias Mesfin Frette, Foreldrerepresentant Birte Arvidsson.

Ingen avbod meldt.

Sak 19/2017-18: Godkjenning av innkalling og referat.

Ingen merknader.

Sak 20/2017-18 Diverse informasjon.

Rektor informerte om at det i inneverande periode blir arrangert foreldremøter i regi av Mot og Sterk & Klar. Leiinga vil delta på møta som ein del av ein evaluering rundt behovet for slike møter. Oppmøtet har vært lavt, særleg på Sterk & Klar. Foreldrerepresentant melder om at møta dekker to ulike emnar og at begge er nyttige. Saka vil drøftast på eit seinare møte.

Sak 21/2017-18 Elevundersøkinga 2017.

Rektor presenterte hovudtala frå elevundersøkinga 2017. Skulen har ei positiv utvikling innan dei fleste emnene, men står stille når det gjelder trivsel og motivasjon og har hatt ei negativ utvikling når det gjelder mobbing. Skulen kjem til å ha trivsel og mobbing høgt på agendaen i sitt utviklingsarbeid framover.

Sak 22/2017-18 Elevtal neste år opp i mot miljøretta helsevern.

Rektor informerer om at skulen neste år mest sannsynleg vil ha 14 klassar på skulen. Det nye kullet som kjem til skulen er såpass stort at det må delast i 5 klassar og neste års 10. steg må få ein ny klasse grunna manglande godkjenning etter forskrift om miljøretta helsevern. Frå og med etter påske vil dei største klassane på 9. steget bli delt i nokon av timane.

Skulen vil forsøke å inngå ein avtale med kulturskulen om sambruk av areal for å få plass til dei nye klassane. Dette er i høgste grad eit mellombels tiltak, men elevtala vil truleg være stabilt høge nokre skuleår framover. Om så vil skulen ha behov for ei meir permanent løysing.

Post

postmottak@lindas.kommune.no

Dokumentsenteret

Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no

Telefon +47 56 37 50 00

Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311

Org.nr. 935 084 733



SU legg vekt på at skulen må syte for god og tydelig kommunikasjon til heimen og elevane om prosessen vidare. Kommunal representant vil også etterspørre ein strategi frå kommunen om korleis ein skal møte framtidige kapasitetsutfordringar.

Sak 23/2017-18 IKT-situasjonen på skulen

FAU har bedt rektor om å gjere rede for IKT situasjonen på skulen. Rektor fortalte at skulen no har ein maskinpark på rundt 50% av det han skal være. Ein del av maskinane skal rulleras ut, men skulen må sjølv bekoste utskifting av ein dryg fjerdedel av samla maskinpark. Sjølv om maskinparken kjem opp på full kapasitet utgjør dette berre eit classesett pr. steg. Dette kjenner skulen på at er knapt. Skulen vil, slik det er no, ha vanskar med å gjennomføre eksamen.

Arne Ramslien sender eit brev på vegne av SU til kommunen der det etterlysast ein strategi for å styrke IKT kapasiteten på skulen.

Sak 24/2017-18 Sakar frå FAU

Arne Ramslien fortalte om FAU sitt arbeid. Særskilt vart det informert om at nokre føresette reagerte på påstått rus på skuleballet. Dette er undersøkt og FAU har saman med skulen slått fast at denne mistanken fekk for store proporsjonar. Det er vanskeleg å fastslå at ingen elevar var rusa på ballet, men ingen av skulen sine tilsette eller dei føresette som var tilstade merka noko til rusbruk.

Sak25/2017-18 Ymse

Kommunalt foreldreutval har fokus på mobilbruk i skulen og har bedt skulen si noko om dette. SU hadde ingen kommentarar utover at foreldra knyttar mobilbruk opp mot IKT situasjonen. Mobilen vert nytta i arbeid med faga. Truleg vil dette behovet løysast med større maskindekning.

Neste møte: 08.05.18

Referert av

Morten Olsen Schulstad
rektor

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Elevrådsrepresentant (vara) Lars
Olav Jøsendal
Foreldrerepresentant (vara) Beate
Nilsen
Foreldrerepresentant (vara) Lisbeth
Toppe Alvær
Kommunal representant (vara) Dan
Olsen

Kopi til:

Lærarrepresentant (vara) Astrid
Oma
Lærarrepresentant (vara) Jorunn
Margrete Blindheim
Representant andre tilsette (vara)
Ingeborg Witsø

Mottakarar:

Elevrådsrepresentant Julian-Elias
Gjesdal Nesse
Elevrådsrepresentant Tobias Mesfin
Frette
Foreldrerepresentant Arne
Ramslie
Foreldrerepresentant Birte
Arvidsson
Kommunal representant Leif Hosøy
Sleire
Lærarrepresentant Marit
Tømmermo
Lærarrepresentant Tone Gunn
Solsvik
Representant andre tilsette Sissel
Nordland